



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/924 - 23/15233

Saksbehandlar:
Sture Helle
sture.helle@osteroy.kommune.no

Dato:
28.06.2023

Vedtak til klagevurdering, dispensasjon - gbnr 103/5 Hanstveit

Tiltak: Søknad om løyve til tiltak - selge parsell i LNF-område, dispensasjon
Eigedom: Gbnr: 103/5 Hanstveit
Tiltakshavar: Ole Arthur Askeland Hanstveit
Ansvarleg søkjar:

Saka gjeld søknad om [sett inn opplysningar om kva søknaden gjeld, plassering, partar, storleik, anna med som er relevant].

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som byggeområde bustad samt LNF -område.

Handsaming

Saka vart handsama av plan- og kommunalteknisk utval i møte den 14/06/2023 saksnr. 066/23, der følgjande vedtak vart fatta:

PL - vedtak:

Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a til arealoverføring av parsell på om lag 1,4 daa frå gnr. 103 bnr. 5 til gnr. 103 bnr. 119, jf. plan- og bygningslova § 19-2 på vilkår som fastsett nedanfor.

Vilkår:

Det vert sett vilkår om at ålmenta har fri ferdsle over parsellen til utmark og at dei eigedomane som i dag har vegrett over parsellen får denne vidareførd.

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til arealoverføring av om lag 1,4 daa frå gnr. 103 bnr. 5 til gnr. 103 bnr.119 på følgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan vedlagd søknad, jf. pbl. § 29-4.
- Eventuell rett til å føre vass- og avlaupsleidningar over andre sin grunn må tinglysast, jf. planog bygningslova §§ 27-1 og 27-2.
- Eventuell vegrett over andre sin grunn må tinglysast, jf. pbl. § 27-4, 1. ledd.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med matrikkellova, jf. plan- og bygningslova § 21-9. Alt 2

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

Med helsing

Tore Johan Erstad
leiar

Sture Helle
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Delingssak GBNR 103/5 Hanstveit - dispensasjon og søknad om løyve til tiltak - arealoverføring til 103/119
Endring av søknad til arealoverføring.
103/5 – Søknad om oppretting av ny grunneigedom
Vedlegg til søknad
Situasjonskart
Dispensasjon
Krav om matrikulering
Nabovarsel
Kvittering for nabovarsel
Kvittering for nabovarsel
Kvittering for nabovarsel
Kvittering for nabovarsel - kvittering på utsendelse
Erklæring om rett i fast eigedom
Situasjonskart
Merknad

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER